



Opplysningsvesenets fond  
Postboks 535 Sentrum  
0151 OSLO

Referanser:

Dykkar: 22/1562 - 2 / KT965 - Karin

Løkken Torp

Vår: 23/2719 - 23/23166

Saksbehandlar:

Therese Lyngbo Iversen

therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:

20.10.2023

## Framleis manglar ved søknaden - gbnr 88/1 Hosanger prestegård

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom

Byggjestad: Gbnr: 88/1

Tiltakshavar: Opplysningsvesenets fond

Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til søknad motteke 12.09.2023, etterfylgjande førespurnad om komplettering av søknad i brev datert 29.09.2023 og brev motteke 13.10.2023.

Søknaden har framleis manglar og vert ikkje handsama før kommunen har motteke supplerande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon som syner at ny grunneigedom vil ha vegrett over gnr. 88 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 27-4.
2. Dokumentasjon som syner at ny grunneigedom vil ha rett til å ha vass- og avlaupsleidningar over gnr. 88 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2, dersom dette er aktuelt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.11.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vurdert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei tilhøva som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Kommunen oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### Gebyr

---

**Post**

post@osteroy.kommune.no  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

**Kontakt**

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

**Konto**

Org.nr. 864.338.712

---

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Opplysningsvesenets fond      Postboks 535 Sentrum      0151      OSLO